



Arkivsaknr: 2024/10815-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Alveralliansen AS - Søknad om midlar til investering og markedstiltak for Alver Byggrenhold

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Søknad om midlar til investering og markedstiltak for Alver Byggrenhold vert tildelt kroner 35 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Alveralliansen AS er eit aksjeselskap. Bransje: 81.210 Rengjøring av bygninger. Registrert 29.01.2018. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Alveralliansen/ Alver Byggrenhold er ei reinhaldsverksemd med eit breitt utval av reinhaldstenester og leverer tenester både til det offentlege og bedrift- og privatmarknaden, samt til burettslag og sameiger. Verksemda tilbyr dagleg reinhald, byggvask, fasadevask, heimereinhold med meir i Alver, Nordhordland og Bergen og tilbyr både eingongstenester og faste avtaler. Verksemda har mål om å bli ein totalleverandør av reinhaldstenester, har fokus på rask respons og miljøvenlege løysingar og jobbar mot Miljøfyrtårnsertifisering i 2025. Verksemda som er lokalisert i Isdalstø har to tilsette på heiltid og fire tilsette på deltid.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 1. november 2024 og er forventa gjennomført 30. april 2025.

Alveralliansen/ Alver Byggrenhold tilbyr ei rekkje innvendige og utvendige reinhaldstenester mot både privat- og bedriftsmarknaden. Våren 2024 fekk verksemda 40.000 kroner i tilskot frå Alver kommune til utviklingsprosjektet Anskaffelse av miljøvennlig maskin til fasade og takvask. Tilskotet gjekk til innkjøp av utstyr for fasadevask og har bidratt til auka kapasitet

og effektivitet i bedrifta. Etterspurnaden etter ytterlegare reingjeringstenester har vore stor, spesielt knytt til reingjering av takrenner og støvfjerning frå høgder. For å møte etterspurnaden og auke konkurransekrafta, vil verksemda no gjennomføre eit nytt utviklingsprosjekt og utvide tenestetilbodet.

I utviklingsprosjektet skal ein gjennomføre følgjande tiltak:

- **Investering i spesialisert utstyr:**
Verksemda skal investere i eit spesialutvikla system for reingjering av takrenner og støvfjerning frå høgder. Systemet inkluderer ein kraftig støvsugar, designa spesifikt til føremålet, samt teleskopstenger som gjer det mogeleg å jobbe trygt frå bakken.
- **Marknadsføringstiltak:**
Verksemda skal utvikle ein målretta marknadsføringskampanje for å synleggjere dei nye tenestene. Dette inkluderer digitale kampanjar, produksjon av video- og dronofilmar for marknadsføring til aktuelle kundar, oppdatering av heimeside, samt brosjyrar til distribusjon for offentlege aktørar og lokale bedrifter for å synleggjere tilbodet i heile regionen.

I forbindelse med utviklingsprosjektet får verksemda hjelp av Klar Bedrift til forretningsutvikling og til utvikling av marknadsføringstiltaka.

Prosjektleveranse / målsetting

Dei nye tenestene vil appellere til fleire kundesegment. Reinsing av takrenner og støvfjerning på høge flater vil vere etterspurt av både private hushaldingar, bustadlag, offentlege bygg som skular og kontor, og bedrifter i Alver og omegn.

Ved å tilby abonnementstenester kan verksemda sikre forutsigbar inntekt, og slik bidra til langsiktig økonomisk stabilitet og fleire arbeidsplassar. Dei utvida tenestene vil styrke tilbodet til eksisterande kundar og tiltrekke nye kontraktar gjennom offentlege anbod.

Innkjøp av nytt spesialisert utstyr vil gjere det mogeleg å utføre reingjering av takrenner og høgder utan behov for stillas eller stigar, då ein eliminerer behovet for arbeid i høgda. Oppgåver kan utførast trygt frå bakken, og reduserer risiko for fallulykker og gjer det tryggare for dei tilsette. Dette reduserer HMS-utfordringar knytt til arbeid i høgda.

Dette reduserer fotavtrykk og gir betre HMS-standard og gjer verksemda betre rusta til å levere trygge og kvalitetsmessige tenester, samt eit breiare tilbod av tenester til marknaden. For bedriftskundar er dette svært viktig. I mange tilfelle kan reingjering utførast utan at drifta treng å stoppast, noko som vil spare kundar for både tid og kostnader.

Ved å tilby trygge og effektive tenester møter verksemda ein aukande etterspurnad frå både bedriftsmarknaden og private kundar. Dette gjer verksemda meir attraktiv og konkurransedyktig og verksemda forventar auka kundetilfredsheit, meir lojale kundar og fleire langsiktige kontraktar. Noko som igjen vil styrkje verksemda sin posisjon i marknaden over tid.

Marknadsføringstiltak vil hjelpe verksemda å nå både eksisterande og nye kundar og vidareutvikla verksemda sin posisjon i marknaden.

For å sikre trygg og effektiv drift og bruk av det nye utstyret vil verksemda investere i opplæring og kompetanseheving for dei tilsette kor fokuset vil vere på tryggleik, korrekt bruk av utstyr, sikker handtering av høgderens, HMS-standardar og effektive reingjeringsmetodar. Dette vil bidra til å auke kvaliteten på tenestene, sikre nødvendig kompetanse hjå dei tilsette og skape eit tryggare arbeidsmiljø. Dette bidrar til høgare medarbeidartilfredsheit, reduserer risiko for ulykker eller feil, som igjen reduserer turnover og gir høgare produktivitet i verksemda.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om midlar til investering og markeditiltak for Alver Byggrenhold	194 000	97 000	35 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og støtte frå næringsfondet skal bidra til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Søknaden viser til at Alveralliansen ønskjer å gjennomføre eit utviklingsprosjekt for å skape ytterlegare utvikling og vekst i selskapet og gjeld i hovudsak støtte til investering i nytt spesialisert utstyr som gjer det mogeleg og utføre arbeid i høgde utan bruka av stillas eller stige. Dette vil gi betre HMS og tryggare arbeidskvardag for dei tilsette, trygge og effektive tenester for kundane og på sikt styrka marknadsposisjon. Vidare viser søknaden til utvikling av marknadsføringstiltak samt kompetansehevande tiltak.

Alver kommune ser positivt på utviklingsprosjektet Alveralliansen viser til for å utvikle nye tilbod og kvalitetssikre dei tenestene verksemda allereie leverer i dag, samt for å styrke verksemda sin marknadsposisjon og dermed nye arbeidsplassar.

Etter ei samla vurdering er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst i eksisterande verksemder, kompetanseutvikling og arbeidsplassutvikling. Eit slikt utviklingsprosjekt vil dermed stimulere til ei berekraftig næringsutvikling.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Søknad om midlar til investering og markeditiltak for Alver Byggrenhold vert tildelt kroner 35 000 frå næringsfondet frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Søknad om kommunalt næringsfond
- 2 Soeknad Alver kommune Naeringsfond 01.10.24 - Alver Byggrenhold.docx.pdf